

Postboks 162, 6821 Sandane
Telefon 57 86 63 49
Telefaks 57 86 61 75
E-post: sof@normisjon.no
Giro: 3000.14.71186
Org.nr. 971 569 581



**Til lagsleiarar og direktemedlemmar i Acta
Barn og Unge i Normisjon region Sogn og
Fjordane**

Sandane: 24.05.2020

Årsmøte i Acta barn og unge i Normisjon region Sogn og Fjordane i 2020

Kjære alle saman!

Vi er og har vore i ein særskild situasjon denne våren. Konsekvensane av koronaviruset er store, og har påverknad på oss på mange områder. Som følgje av dette, kunne vi ikkje avvikle årsmøtet som planlagt i mars. Vi har derfor no valt å gjennomføre årsmøtet digitalt, og evt per post. De som ikkje har tilgang på epost, får moglegheiten til å respondere ved å sende svar per post. Derfor foregår årsmøtet over ei periode som tek omsyn til postgang.

Saksdokumenta ligg fortsatt tilgjengeleg på nettsidene våre normisjon.no/sof.

All respons på årsmøtesakene må vere innkome til regionskontoret innan 10.06.2020. Anten på epost til sof@normisjon.no eller per post til; Normisjon region Sogn og Fjordane, pb 162, 6821 Sandane. (Dersom de nyttar post, hugs å reikne tid til postgang.) Svar som kjem inn etter måndag 10.06 bli ikkje tatt med i optellinga.

Vi ber altså dette året laga om å avgi stemmer på vegne av sine medlemmar. Kvart lag får sjølv ansvar for å korleis de vil organisere dette. Laget sitt medlemstal vil gjenspegle antall stemmer. (Sjå forklaring på vedlagte svarskjema. Direktemedlemmar har ei stemme kvar.

Vi ber dokke godkjenne fylgjande:

- Konstituering
- Årsrapport
- Val av styreleiar
- Val av to faste medlemmar og tre varamedlemmar til styret.
- Val av til valnemnd

Dersom de har kommentarar og merknadar, ber vi dokke om å nytte feltet til slutt i svarskjemaet.

Actastyret har bedt Vegard Tennebø om å vere dirigent for årsmøtet til acta. Det betyr at han på førehand har gått igjennom prosedyra, og har godkjent dokumenta som no blir sendt ut. Han vil

FJORDLY UNGDOMSSENTER
6711 BRYGGJA
Telefon 57 85 32 25
E-post: fjordly@normisjon.no
Giro: 3710.07.01732

HOLMELY, Omsorg og Retreat
6711 BRYGGJA
Telefon 57 85 34 25
E-post: holmely@normisjon.no
Giro: 3000.14.72204

TEIGEN LEIRSTAD
6940 EIKEFJORD
Telefon: 57 74 81 48
E-post: teigen@normisjon.no
Giro: 3775.20.63630

FJORDLY BARNEHAGE
6711 BRYGGJA
Telefon 57 85 33 95
E-post: styrar@fjordly-barnehage.no
Giro: 3000.14.72107

og gå igjennom alle innsendte svar, og saman med protokollunderskriverane sjå til at årsmøtet har blitt gjennomført som beskrive.

- **Det betyr at det kun er innsendte skjema (per e-post eller per post som er gyldige som avgitte stemmer.**
- **Alle kommentarar som står på skjemaa, vil bli teke med i protokollen.**

Protokollen vil bli gjort tilgjengeleg for alle i etterkan av årsmøtet.

Helsar med Salme 33.12-15

Sælt er det folk som har Herren til Gud, det folk han har valt til sin eigedom! Herren skodar ned frå himmelen, han ser alle menneske. Frå sin bustad ser han ned på alle som bur på jorda. Han har forma deira hjarte, alle deira gjerningar kjenner han.

Med venleg helsing
For Normisjon region Sogn og Fjordane

Actastyret
Rune Tøsse

Actaleiar
Stine L. Hopland

Dirigent
Vegard R. Tennebø